



Masfjorden Kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1961 - 16/16394

Saksbehandlar:
Nils Kaalaas
NIK@lindas.kommune.no

Dato:
17.06.2016

Avtale om administrativt vertskommune samarbeid etter Kmmunelova § 28a mellom MASfjorden og Lindås kommune

Dokument :

Søknad om godkjenning av Lindås/Masfjorden bestandsplanområde med vedlagt Bestandsplan 2016 – 2018 dat 31.05.2016

Vurdering:

Med utgangspunkt i merkeprosjektet for hjort og i regi av utmarksavdelinga til Vestskog er det utarbeid ein bestandsplan for hjort for område 40 som skal gjelda for tidsrommet 2016 – 2018. Område 40 omfattar den delen av Lindås som ligg aust for Austfjorden og Bjørsvik og har eit teljande areal på ca 262.000 dekar. Arealet i Lindås som ligg inne i denne planen er på ca 112.500 dekar, medan 149.500 dekar tilhøyrer Masfjorden. Bestandsplan slik ein vurderer den er fagleg godt utarbeid og i samsvar med forskrift om forvaltning av hjortevilt. Planen legg opp til ein avskytingsmodell for 2016 – 2018 på totalt 765 løyver dvs 255 pr år, med ei fordeling på:

- Minimum 60% ungdyr og kalv og av dette minimum 30% kalv
- Maksimum 40% eldre dyr, herav 50% hanndyr og 50% hodyr.

Det er å merka at dette kan avvikas einskilte år, for det er sluttsummen som skal gjelda.

Etter hjorteviltforskrifta § 17 som omhandlar bestandsplanområde som berører fleire kommunar, så skal den kommunen med det største teljande areal forvalta og godkjenne slike vald, bestandsplanar i samsvar med dei bestemmelsar som gjeld i kommunen.

Ein føresetnad for samarbeid, er at alle berørte kommunar har gjeve sitt samtykke til dette i medhald til kommunelova. I dette høve, så er det Masfjorden kommune som vil ha forvaltningsansvaret for bestandsplanområde 40.

På grunn av tidspress så har ein ikkje fått lagt dette opp som politisk sak til kommunestyre i Lindås, men vil her gjera eit administrativt vedtak om at Lindås kommune godkjenner bestandsplan for område 40 slik at dei valda som har meldt seg inn i bestandsplanområdet får tildelt sine løyve for 2016. Saka vil så bli lagt fram politisk til hausten, slik at planen kan verta gjeldane til utgangen av 2018.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vedtak:

I medhald av § 28a i Kommunelova delegerer Lindås kommune med dette mynde til å administrera vald i Lindås kommune som inngår i bestandsplanområde 40 for hjort i lag med vald i Masfjorden kommune. Føremålet med vertskommunesamarbeidet er å kunna administrera bestandsplanområde for hjort som går over kommunegrensene i samsvar med § 17 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Masfjorden kommune vert då vertskommune i samsvar med § 17 i hjorteviltforskrifta med dei reglar som er heimla i denne forskrifta for dei vald i Lindås kommune som har gått inn i bestandsplanområdet.

Delegeringa gjeld berre så lenge valda inngår i bestandsplanområdet. Administrasjon av vald som melder seg ut av bestandsplanområde i samsvar med reglane i § 14 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt fell då attende til kommunen der valdet høyrer heime.

Lindås kommune godkjenner og med dette bestadndsplan for 2016 – 2018 slik den er utarbeid.

Det vert gjort merksam på at dette er eit administrativt vedtak og kan verta endra når saka vert lagt fram politisk for godkjenning.

Med helsing

Nils Kaalaas
fagleiar skogbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tor Roger Romarheim

Kleivdalsvegen 71 5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Masfjorden Kommune

Austfjordvegen 5981
2724

MASFJORDNES